

Både ja og nei til skilt og banner

11.07.2012

Statens vegvesen har sagt nei til 2 punkt og ja til 4 punkt i søknaden frå Festidalen om plassering av skilt og banner. inntil fylkesvegen.

Avslaga gjeld oppsetting av 2 banner på veggjar fordi det vil verka distraherande på trafikken og plassering av vimpel i toppen av Grano med den same grunn for avslaget.

Derimot er det gjeve grønt lys for desse 4 skiltingane:

* Skilt på Eik og Rød, 1,5 x 2 meter under føresetnad av minst 3 meter frå vegkant.

* Tre vertikale banner 0,5 x 1,5 meter på master for vegljøs i sentrum. Løyve tas opp med kraftlaget.

* Skilt 3 x 6 meter, alternativt dekor på siloball på ope jorde minst 10 meter frå vegkant i sentrum

* To banner over fylkesvegen som ved tidlegare arrangement. Fri høgd minst 4,6 meter over vegbana.

Løyvet gjeld frå 20. juli til seinast 5. august

Av Ola Matti Mathisen